

# Treng millionar for å realisera fossesenter

■ ■ Fyrtårn for reiselivet ■ ■ Prislapp: over 37 millionar

**GAULARFJELLET:** Gaularordførar Mathias Råheim treng drahjelp frå fylkeskommunen for å få realisert Fossesenteret.

– Det vil bli det einaste senteret i sitt slag. Vatn er verdifullt i verda og vassdraget er verna, seier Råheim (H).

## Fosselandskap

I lang tid har eit senter vore under planlegging.

Nordisk ministerråd har prioritert Gaularvassdraget mellom dei viktigaste i Norden. Vassdraget kjem frå nore, har 29 fossar og renn gjennom levande bygdesamfunn og er også nasjonalt laksevassdrag.

Senteret skal formidla kunnskap om verna vassdrag, men også vatn generelt.

## Fem millionar

Totalt vil eit senter kosta 37 millionar kroner.

Gaular kommune har sett av pengar i økonomiplanen, Førde kommune har spyttat i og Balestrand kommune vil gjø 100.000 kroner.

– Me har inne ein søknad som fylkeskommunen skal handsama i april. Me har søkt om fem millionar. Det er viktig å få midlar frå fylkeskommunen for at me skal kunna få midlar frå Staten, seier Råheim.

Senteret er planlagt like ved Likholefossen og United World College i Fjaler er ein av samarbeidspartnarane.

– Dersom pengane ikkje kjem i april, vert vegen brattare å gå, seier Råheim.

## Attraksjon

Eit senter er ikkje positivt berre for Gaular.

Vegen er sentral også for



**SPEKTAKULÆRT:** Fossesenteret er planlagt like ved den dramatiske Likholefossen.

(Arkivfoto)

balestreningane.

– Det er viktig å utvida aktivitetstilbodet langs vegen. Me satsar på Nasjonal Turistveg Gaularfjellet og då vil fossesenteret vera midt i blinken, seier Harald N. Offerdal, ordførar i Balestrand.

## Wifi

Han seier det er konkrete planar om turar opp til attraksjonen Utsikten og å tilby ulike aktivitetstilbod.

– Me jobbar med å få wifi på Utsikten, seier Offerdal.

Då vil besøkjande kunna leggja ut bilete på sosiale

medium med ein gong, noko som er viktig for marknadsføring av attraksjonen.

## Lenger sesong

Offerdal kunne også ønska at vegen over fjellovergangen var open større deler av året.

– Så langt har me ikkje lukkast med det. Fylkeskommunen har sagt tydeleg nei, seier Offerdal.

Renate Sæle  
renate@sognavis.no



**VIKTIG FJELLOVERGANG:** Gaularfjellet gir kortare veg til Førde og Sande for særleg vtelefjordingar og sværefjordingar. Vegen har status som Nasjonal turistveg med fleire attraksjonar.

(Kart: Statens vegvesen)

## Planlegg ny attraksjon

**GAULARFJELLET:** Eikelandsfossen skal tilretteleggjast for vandring og luftig utsiktspunkt.

Den breie og mektige Eikelandsfossen er eit populært stopp, men fossen er delvis skjult og utilgjengeleg. Rasteplassen der er også moden for eit løft.

## Rasteplass

Det går fram i ei pressemelding frå **Nasjonale turistveger**.

Gaularfjellet er **Nasjonal**

**turistveg** og Statens vegvesen skal oppgradera Eikelandsfossen til ein av dei finaste rasteplassane i Sogn og Fjordane, går det fram i pressemeldinga.

Fossen ligg rundet ei mil aust for Sande og er i utløpet av Hestadfjorden og kanskje eit av dei mest kjende fossfalla i Gaularvassdraget.

## – Ei perle


– Målet med prosjektet er å skapa ei betre oppleving av landskapet og den imponerende Eikelandsfossen. Dette blir ei perle der publikum kjem tett på fossen og får

oppleva ekte vassdragsnatur, seier Therese Ruud, strekningsansvarleg for **Nasjonal turistveg** Gaularfjellet i pressemeldinga.

## Tett på

Eksisterande rasteplass skal oppgraderast med nye møblar og utsiktspunktet skal byggjast tett på fossen og det skal leggjast til rette for vandringar i det heilt spesielle fosselandskapet.

Byggjastart vert truleg i 2021.



**FLOTT FOSS SKAL FRAM I LYSET:** Eikelandsfossen skal gjerast meir tilgjengeleg. (Foto: Therese Ruud/Statens vegvesen)